

2025

# Saksliste årsmøte UL Sambygdingen



Fosse, Jan Magne

For styret UL Sambygdingen

23.01.2025

## Saksliste årsmøte UL sambyggingen 2024

- a) Styret legg fram for årsmøtet årsmelding, og revidert rekneskap.
- b) Årsmøtet vel ordstyrar.
- c) Referent er: Skrivar i avtroppande styre.
- d) Årsmøtet handsamar framlagt årsmelding, og revidert rekneskap; likeins framlegg til arbeidsprogram og budsjett for neste arbeidsperiode.
- e) Årsmøtet handsamar innkomne saker.
  - 1. [Forslag til oppgradering av ballbana](#)
  - 2. [Ønske frå Sigfred Johansen om å kjøpa ein teig sørom ballbana](#)
  - 3. [Avklaring av eigarforholda på G.nr 144, b.nr 3, 14, og 27](#)
- f) Årsmøtet vel leiar for 1 år om gongen.
- g) Årsmøtet vel kasserar for 2 år om gongen.
- h) Årsmøtet vel 5 styremedlemer, 3 varamedlemer, 2 revisorar, og medlemer til dei ulike nemnder underlagd styret.
- i) Styremedlemane vert valde for 2 år om gongen, 3 og 2 annakvart år.
- j) Varamedlemane vert valde for 1 år om gongen.
- k) Revisorane vert valde for 2 år om gongen, ein kvart år.
- l) Andre nemndmedlemer vert valde for 1 år om gongen.
  - Valnemnd på 3, og 1 vararepresentant for 1 år om gongen.

## Forslag til oppgradering av ballbana (Sak E 1)

Styret foreslår å sjå på høvet til å oppgradera ballbana. Ei moglegheit er å leggja kunstgras på heile, eller delar av bana. Ein anna moglegheit er å sikta mot noko liknande som er illustrert på biletet under.



Ei oppgradering vil ha ein prislapp som gjer oss heilt avhengig av økonomisk støtte. Det er også eit mål å komma fram til ei oppgradering som ikkje medfører at myra må gravast opp.

## Ønske frå Sigfred Johansen om å kjøpa ein teig sørfrå ballbana (Sak E 2)

Saka var opp til behandling på årsmøtet i 2024. Årsmøte signaliserte skepsis til å selga delar av eigdommen til laget. Styret vart bede om å vurdere saka, og leggja ho fram for årsmøtet i 2025.

Til UL Sambygdingen

Kvamsvåg 11.01.2024

V/formann Jan Magne Fosse

### Forespørsel om kjøp av del 144-19

Som eigar av 144-29 og 17 ynskjer eg å kjøpe ein del av området sørom myra som ligg på eit høgare nivå opp mot 144-29. Området er skravert på vedlegg og er ca 500 m<sup>2</sup>. Tanken er på sikt å gje vegutløsning for 144-29; 8 og 16 over 144-17 om ein får løyve til dette.


### Prisantydning

Eg overtok 144-29 i 2017 til ein pris på 26 kr/m<sup>2</sup>. Med samme kvadratmeterpris vil dette bli vel kr. 13.000. Eg vil tilby kr.20.000 for angitt areal og vil då ta kostnad med oppmåling og skjøte.

Vonar de vil støtte denne forespørselen.

Mvh Sigfred Johansen





### Styrets vurdering

Styret har hatt sake oppe til behandling, og støttar signala frå årsmøte at eit sal kan skapa presedens, og at det dermed blir vanskeleg å sei nei til andre naboar som ønskjer å kjøpa ein teig. Styret tilrår derfor årsmøtet å ikkje selja.

## Avklaring av eigarforholda på G.nr 144, b.nr 3, 14, og 27

På årsmøte i 2024 vart det nemnt at eigarforholdet på eigedommen til laget vest om vegen ikkje var heilt klar. Heile, eller delar av eigedommen vest om vegen er eigd av Losje Alversund og UL Sambygdingen med ein del til kvar. Det vart bede om at me avklara kva Losje Alversund er, og kven som eventuelt representerer dei i dag.

Frå kommunen har me fått føgende informasjon:

[Hoveddokument g.nr 144, B.nr 3/14/27/19.](#)

[Hoveddokument \(skøyte\) g.nr. 56 b.nr. 27](#)

[Matrikelbrev g.nr 144 b.nr. 3](#)

Usikker på kva som er beste veg vidare for å greie ut dette. Håpar at me har medlemmer som kan bidra med informasjon.

Vil i første omgang ta kontakt med Kartverket for å avklara kva som formelt må til for eventuelt å få overført Losje Alversund sin del til ungdomslaget.

Me vil setja stor pris på all informasjon som kan vera til hjelp.